



Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: HS/ IN/ JOL Dato: 12.06.2019

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/19-21

## **PROTOKOLL TIL MØTE NR. 01 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2019-2021**

**Stad:** Telefonmøte  
**Tidspunkt:** Onsdag 12. juni 2019, kl. 20.00-21.30

### **Sakliste**

#### **REFERATSAKER**

**SAK 01 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 02 19-21 Konstituering av hopp- og kombinertkomiteen 2019-2021**

**SAK 03 19-21 Handlingsplan 2019-2021**

**SAK 04 19-21 Aktivitetsplan sesongen 2019-2020**

**SAK 05 19-21 Refusjon og økonomi i hopp- og kombinertkomiteen**

**SAK 06 19-21 Saker til NSF sitt Vårmøte**

#### **RAPPORTERING**

**SAK 07 19-21 Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019**

#### **EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Henning Sæthre, Jon Ove Lomheim, Lars Kveen, Lars Brekke, Jan Inge Årdal og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Johnny Seljeset

**MERKNADER:** Ingrid Narum (adm.) deltok i møtet på sak 05 og 07.

**REFERENT:** Jon Ove Lomheim

---

#### **REFERATSAKER**

**SAK 01 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

##### **Bakgrunn**

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

##### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

## **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

### **SAK 02 19-21      Konstituering av hopp- og kombinertkomiteen 2019-2021**

#### **Bakgrunn**

Arbeidsfordeling og val til følgende funksjonar:

- Nestleiar
- Medlem til anleggskomiteen
- Økonomi ansvarleg
- Sponsor ansvarleg
- Utdanning/ utvikling ansvarleg (Henning Sæthre)
- Terminlisteansvarleg Jon Ove Lomheim
- Dommarkontakt Lars Brekke

#### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

- Nestleiar: Jan Inge Årdal
- Medlem til anleggskomiteen: Lars Kveen
- Økonomi ansvarleg: Jan Inge Årdal
- Sponsor ansvarleg: Henning Sæthre
- Utdanning/ utvikling ansvarleg: Johnny Seljeset (Henning Sæthre)
- Terminlisteansvarleg: Jon Ove Lomheim
- Dommarkontakt: Lars Brekke

### **SAK 03 19-21      Handlingsplan 2019-2021**

#### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta hopp- og kombinertkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

#### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

### **SAK 04 19-21      Aktivitetsplan sesongen 2019-2020**

#### **Bakgrunn**

Komiteen har utarbeida aktivitetsplan for perioden vår-haust 2019, som vart gjennomgått på Vår møtet 25. mai 2019.

Planen finn ein på skikrinsen sine nettsider på denne lenka:  
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/hopp-og-kombinert/aktivitetsplan/>

#### **VEDTAK**

Dato for sommarcup Vikersund m.fl 22.-25.08.2019 innførast i aktivitetsplan. Elles oppdaterast planen med datoar etter kvart det vert fastsett.

#### **SAK 05 19-21**

#### **Refusjon og økonomi i hopp- og kombinertkomiteen**

##### **Bakgrunn**

I samband med Vår møtet 25. mai 2019 vart retningslinjer for refusjon i hopp- og kombinertkomiteen vedteke.

Retningslinjene finn ein vedlagt.

Komiteen avklarar i møtet kva aktivitetar som skal dekkast, til kven og kor mykje.

I tillegg ser komiteen nærare på disponering (fordeling) og prioritering av budsjettet til komiteen.

Budsjett for 2019 finn ein vedlagt.

##### **VEDTAK**

Hopp- og kombinertkomiteen dekker deltakaravgift i NSF si storsamlinga i Oslo. Elles dekker HKK rimeleg refusjon for overnatting/ reise til sommarcup og treningssamlingar utanfor fylket i oppsett i aktivitetsplan.

HKK vil på Haustmøtet revidere budsjett der ein brukar eigenkapital til rekruttering, utstyr og eventuelt styrking av reisebudsjett til samlingar utanfor fylket.

#### **SAK 06 19-21**

#### **Saker NSF sitt Vår møte**

##### **Bakgrunn**

14.-15. juni vert NSF sitt Vår møte Hopp avhalde på Gardermoen.

Komiteen drøftar saker til Vår møtet.

Rammeprogram for Vår møtet finn ein via denne lenka:

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/moter-og-samlinger/varmote-2019/>

##### **VEDTAK**

Lars Kveen deltek og tek med innspela i møtet frå komiteen.

#### **RAPPORTERING**

#### **SAK 07 19-21**

#### **Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019**

##### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019 er vedlagt.

Rapporten vert presentert i møtet.

##### **VEDTAK**

Administrasjon sjekkar forsikring. Elles tek HKK rekneskapsrapport til orientering.



## **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Henning Sæthre (s)  
Leiar HKK

Jon Ove Lomheim (s)  
Referent